



DEN NORSKE KYRKJA

Storfjorden kyrkjelege fellesråd

Stranda kommune
Øyna 13
6200 Stranda

Dato: 12.09.2025

Vår ref: 23/00080-5 PRS

Dykkar ref:

Budsjettframlegg 2026

Driftstilskot: Storfjorden kyrkjelege fellesråd legg fram eit budsjettframlegg for 2026 der Stranda kommune sin del er rekna til 4.580.000. Dette er om lag 3,5 % auke i høve til 2025.

Kommentarar til driftsbudsjettet: Storfjorden kyrkjelege fellesråd ber om ei moderat auke som ikkje kompenserer for løns- og prisauke siste året. Det vil gi ein krevjande budsjettsituasjon for kyrkja i året som kjem. Det har vore kutta i bemanninga siste året, som fører til stort arbeidspress for mange. Fellesrådet har fått tildelt diakonstilling og tilført statlege midlar som dekkjer 50% av lønskostnadane. Kan vi tilsette ein diakon i 100% stilling så betyr det at kommuna saman med Fjord kommune får ei 50% diakonstilling. Men fellesrådet treng friske midlar for å kunne oppretthalde denne stillinga.

Fellesrådet har også vedteke å auke festeavgifta til kr. 250,- pr. år pr. grav. Denne tilrådinga vil kommunestyret få tilsendt i eige sak.

Det blir søkt om midlar til ulike prosjekt i tillegg, men slike midlar er også redusert siste året.

Investerings/større vedlikehald. Vi reknar med at kommunen opprettheld eit investeringstilskot på kr. 400.000 også i 2026, til ulike nødvendige tiltak i kyrkjene i tråd med økonomiplanen.

Viser også til utviding av Ødegård Gravplass, som eiga sak.

Med helsing

Petra Riste Synnes
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stranda kommune, Einar Lied

Øyna 13

6200 Stranda

Stranda kommune, Einar Arve Nordang

Øyna 13

6200 Stranda

Mottakere:

Stranda kommune

Øyna 13

6200 Stranda